

Musikalsk takk til livet

22.01.2015

I november slapp bergensaren Knut Ove Mæland sin debutplate Takk og no har han snart gjort unna ein turne som er innom 8 stader. Fredag 6. februar kjem han til Snikkeriet i Rosendal. Sjølv om han er født blind har han aldri latt det stå i vegen for å leva livet til det ytterste.

Blant dei som deltek i Takk og også i Rosendal er Marius Mathisen frå Lillehammer og Uskedalen, som for tida er trommeslagar med Ugler i Mosen og Grooveselskapet og har ei rekke frilansoppdrag.

Han har delteke i plateinnspelningar og på turnear med artistar og band som Logikal, My Misspent Youth, Lorraine og Knut Aafløy.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen